

REGULERINGSPLAN LONENA AUST - PLANFLATE 1.
02.01.2023

Knarvik

Utlagt til offentleg ettersyn 28.11.2022 - 13.01.2023.

Viser til tidlegare innsendt merknad til planforslaget.

Seinare er det, etter vedtak om offentleg ettersyn, halde nabomøte 12.des 2022 og kalla inn til synfaring /møte med naboar i Langheiane 06.01.23. Underteikna kan ikkje møta denne dagen.

Mitt engasjement i denne saka heng saman med at eg er bebuar i Lynghagen burettslag og at eg har vore involvert i regulering og tilrettelegging av rerguleringsplanen for Knarvik Aust som tilsett i Lindås Tomteselskap AS.

Det er beklageleg at ikkje denne saka har vorte godt nok kjent for benuarane i Langheiane tidlegare. At utbyggjar og planleggjar har arbeidd i lang tid med denne planen utan at naboar og andre intereserte har oppfatta kva som er i ferd med å skje er underleg. Nabomøte og særsmøte med naboar skulle vore halde for eit år sidan.

Eg er kjent med at områdeplanen for Knarvik er endra og at det no berre er Planflate 1 som er att av utbyggingsområde i denne delen av områda rundt Lonena. For meg er det naturleg at den infrastruktur som er etablet i området vert nytta ved vidare utbygging. Lonsvegen og Langheiane er bygt og dimensjonert for trafikkmengder langt større enn det den aktulle utbygginga av planflate 1 treng. Likevel ser eg at det trengs forbetringar for både køyrande og gåande/syklande spesielt i kryss Lonsvegen/Langheiane og kryss Langheiane/Lonslia.

Med dei utfordringar som ligg her ser eg det som meingnglaust å leggja hovudtilkomsten til det nye utbyggingsområde til Lonslia. For det første er det allereie bygt veg med god standard fram til utbyggingsområde, Langheiane, - og for det andre er der ikkje plass til fullgod tilkomst i Lonslia mellom Lynghagen burettlag og einebustdene på nordsida.

Dei plangrep som må gjerast for å leggja hovudtilkomst til enden av Langheiane er ikke vesentlege for utvikling av eit velfungerande buområde. Å føra eksisterande veg vidare vil og gjera det mogeleg i framtida å nytta den som tilkomst til nye område innanfor markagrensa. Gjeldande områdeplan har og hovudtilkomst SKV1 frå Langheiane til utbyggingsområda BKB1 og BKB2. Delar av BKS er lagt til Lonslia. Planområde er relativt flatt, og det vil ikkje verta store stigningar på dei nødvendige internvegar.

Planleggjar sitt fokus på stistrukturen i området verkar også underleg for oss som bur i området. Det store fokuset på "pensjoniststien" er vanskeleg for som nyttar den å forstå. Eit nytt buområde med køyrevegar, gangvegar og stier vil gjera områda rundt meir tilgjengeleg både for bebuarar, naboar og andre. At tilkomstvegen må kryssa "pensjonist-stien" ser eg ikkje som noko problem. Planleggjar finn her gode løysingar. Slik har det og vore ved utbygging av dei andre utbyggingsområda langs Lonsvegen frå E39 til Langheiane.

Stistukturen i området er svært omfattande og vert mykje nytta. Det er her naturleg at stien frå "Brekkeløypa" ved overgangen frå parkeringsplassen og langs Lynghagen burettslag vert teikna rett inn på plankartet. Denne stien er mykje nytta av folk i Knarvik og av Knarvikmila og fører inn på "pensioniststien" og på dei andre stiane mot Gamleskulen og Stegane/Gjervik. Dette er gamle ferdelsvegar som har vore nytta frå gammalt av mellom Isdalstø og Gjervik. Desse stiane vil og vera nytte for beboarane i det nye område.

Eg innser at Lonslia vil vera naturleg å nytta som tilkomst til dei søndre delane av Planflata. Også når det gjeld gang og sykkelveg vil det vera naturleg at Lonslia vert nytta. Utfordringa vil vera å få god trafikktryggleik. Lonslia må vera stengt med bomm ca. 100m nord for plangrensa. På dette strekket og langs Lynghagen (Langheiane 10) må det vurderast tosidig fortog. For trygg kryssing til fortog langs Langheiane må det vurderast opphøga forgjengerfelt.

Underteikna ber om at desse merknadene vert vurderte og funne fornuftige nok til å ta med i utforminga av reguleringsplan for Lonena aust.

Med helsing

Ivar Thorsheim
Langheiane 8E, 5914 Isdalstø